

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET
Postboks 8119 DEP
0032 OSLO

KD-ForvUH KD-ForvUH

Vår ref:
22/02968-8

Deres ref:

Dato:
15.06.2023

Svar på invitasjon til å gje innspel til profesjonsmeldinga

Innleiing

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) takkar for høvet til å gi innspel til den komande stortingsmeldinga om profesjonsutdanningane (heretter profesjonsmeldinga). Profesjonsutdanningane spelar ei viktig rolle i heile landet. Enten det er rekruttering og tilgang på kvalifiserte lærarar og sjukepleiarar, eller det å ha nok ingeniørar for å bygge ei berekraftig framtid, så vil det framover krevje eit særleg fokus. Det er derfor eit viktig arbeid som er sett i gang med denne stortingsmeldinga, og vi bidrar gjerne vidare.

Aller først vil vi gjerne merksam på at HK-dir også er i gang med eit anna arbeid retta mot stortingsmeldinga. Knytt til tilstandsrapporten for høgare utdanning 2023 skal vi innan den 13. oktober 2023 levere Kunnskapsdepartementet eit kunnskapsgrunnlag om fleksible studiar i profesjonsutdanningane. Leveransen tek føre seg førekomsten av fleksible tilbod, kva som kjenneteiknar deltakarane på slike studiar og – i den grad det let seg gjere – resultat av slike studiar samanlikna med ordinære studietilbod.

Grunnlaget som er sendt ut er godt, men kan utdjupast på enkelte punkt. Frå direktoratet vil vi gje innspel på dei spørsmåla som mest direkte heng saman med HK-dir sine oppdrag og mandat.

1 Forslag til tema som bør tematiserast ytterlegare i den komande meldinga

HK-dir meiner i det store og heile at kvalitet, kapasitet og mangfald er gode og overordna kategoriar som svært mange av utfordringane og moglegheitene i profesjonsutdanningane kan sorterast inn under. Det er likevel nokre område vi ønsker å trekke fram, som vi opplever er svakt dekte i dei 28 spørsmåla:

Digital omstilling

Digital omstilling for profesjonsutdanningane er omtalt i utkastet, men kan konkretiserast betre når det gjeld digital kompetanse, gjennomgang av læringsmål i samsvar med yrkeskrav i endring, og livslang læring. Studentane bør etter fullført utdanning vera i stand til å oppgradera kunnskap og kompetanse når dei kjem ut i arbeidslivet, både sidan yrkeskrava endrar seg og yrkeslivet blir lengre. Yrkeskrav endrar seg som følgje av dei store samfunnsendringane med m.a. grønt skifte, eldrebølge¹ og digitalisering². Det er bruk for tiltak retta mot digitale metodar, tema og kompetanse i alle fag. Nokre konkrete tiltak i handlingsplan for digital omstilling i høgare utdanning og forskning³ kan med fordel framhevast i profesjonsmeldinga:

- Gjennomgang av læringsmål i utdanningane for å sikra god nok yrkesspesifikk digital kompetanse
- Kompetanseløft i utdanningsfagleg og profesjonsfagleg digital kompetanse for undervisarane
- Kompetanseløft for pedagogisk bruk av digital teknologi
- Kombinasjon av praksisopplæring frå institusjonane (innovative IT-løysingar⁴), praksis i verksemdene (nok praksisplassar, gode praksislærarar) og god administrativ praksisoppfølging (mellom anna gjennom modernisering av Felles studentsystem)
- Fleksible utdanningar krev både endringar i utforming av studieløp og IT-løysingar. For IT-løysingar er det i gang arbeid med mellom anna opptak, studieadministrasjon, vurdering og undervisningsstøtte. Vi tilrår fullføring av igangsett aktivitet. I tillegg til fullføring bør det prioriterast oppfølging av samspelet mellom delane av økosystemet slik at alle bitar snakkar saman gjennom felles referansearkitektur (til dømes referansearkitektur for deling av data⁵).

I tillegg til digital kompetanse i seg sjølv, bør meldinga ta inn noko om samhandlinga mellom digital kompetanse og grønt skifte. EU peikar på «twin transition»⁶, der samspelet mellom IKT-spesialistar, digital kompetanse, profesjonskompetanse og evna til å arbeida tverrfagleg er ein nøkkelfaktor.

Internasjonalisering

HK-dir kan ikkje sjå at grunnlaget for innspel til profesjonsmeldinga dekkjer noko om internasjonalisering i profesjonsutdanningane. Derfor peikar vi i det følgjande på kvifor vi meiner internasjonalisering bør ha ein plass i den komande stortingsmeldinga.

Fleire meldingar beskriv kor viktig internasjonalisering er for kvalitet i utdanning. Studentar som reiser utanlands tileignar seg ei rekkje generelle ferdigheiter og eigenskapar⁷. Desse vil vere viktig

¹ [NOU 2023: 4 Tid for handling- Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/NOU-2023-4-tid-for-handling-personellet-i-en-baerekraftig-helse-og-omsorgstjeneste)

² [Skills for the Digital Transition : Assessing Recent Trends Using Big Data | OECD iLibrary \(oecd-ilibrary.org\)](https://oecd-ilibrary.org/skills-for-the-digital-transition)

³ [Handlingsplan for digital omstilling i høyere utdanning og forskning \(hkdir.no\)](https://hkdir.no/handlingsplan-for-digital-omstilling-i-hoyere-utdanning-og-forskning)

⁴ <https://nifu.brage.unit.no/nifu-xmlui/bitstream/handle/11250/2838067/NIFURapport2022-1.pdf>

⁵ <https://hkdir.no/vaare-tenester/referansearkitektur-for-delning-av-data>

⁶ [The twin green & digital transition: How sustainable digital technologies could enable a carbon-neutral EU by 2050 \(europa.eu\)](https://europa.eu/european-council/en/the-twin-green-digital-transition)

⁷ [Meld. St. 7 \(2020–2021\) \(regjeringen.no\), s.35](https://www.regjeringen.no/no/Meld-St-7-2020-2021)

for framtidige arbeidstakarar i profesjonsyrka, der til dømes lærarar, sjukepleiarar, sosialarbeidarar og barnehagelærarar vil møte ei mangfaldig befolkning i si yrkesutøving.

Sjukepleiarutdanninga ved OsloMet er eit av fleire fagmiljø for profesjonsutdanningar som jobbar med å auke talet på studentar som tar eit utanlandsopphald i løpet av studietida si. Dei argumenterer for at internasjonal erfaring er særleg aktuelt for arbeidsliv og samfunnsliv i Oslo. Fordi over 30 prosent av innbyggjarane er innvandrarar eller er norskfødde med innvandrareldre, er OsloMet er opptatt av å gje studentane internasjonal erfaring og styrke sin internasjonale kompetanse gjennom utdanninga.

I forlenginga av ambisjonen til stortingsmeldinga om internasjonal mobilitet i alle utdanningar, meiner HK-dir at fleire profesjonsutdanningar vil ha nytte av kunnskapen og kompetansen studentane opparbeider seg gjennom utveksling.

Internasjonalt samarbeid er ein føresetnad for den globale kunnskapsutviklinga og for å sikre kvalitet i norsk høgare utdanning⁸. Eit døme på slikt samarbeid er prosjektet Mobilitetsstrukturer for 3-årig ingeniørutdanning ved UiT/IVT. Dei har etablert eit utviklingsforum for studieprogramleiarar og instituttleiar. Der samanheldar dei om relevante emne med tilsvarande emne hos prioriterte samarbeidsuniversitet. Videre blir utdanninga utvikla slik at internasjonale perspektiv blir integrert.

For å nå måla i mobilitetsmeldinga, også for profesjonsfaga, må mål og strategiar om mobilitet i disse faga styrkast. Ei undersøking HK-dir har gjennomført viser at fleire fagmiljø er usikre på kva fag frå utanlandsk institusjon dei kan godkjenne opp mot detaljerte krav i lovar og forskrift, og at tilsette opplever at ulike signal og krav trekk i ulik retning. Departementet bør tydeleggjere signala og krava om internasjonalisering i profesjonsstudiane, også i den kommande meldinga.

HK-dir vil sende over resultatane og sine vurderingar kring godkjenning av utanlandsk utdanning i profesjonsutdanningar til KD i løpet av juni.

Også studentar i profesjonsutdanningane som ikkje reiser på utveksling har behov for å tileigne seg internasjonal kompetanse. Difor bør profesjonsutdanningane innarbeide ein internasjonal profil og legge til rette for internasjonalisering også for studentar som ikkje reiser ut, til dømes ved å ta imot internasjonale utvekslingsstudentar eller ved å ta i bruk virtuelt samarbeid som del av studieprogramma.

Inkludering/mangfald

Menneske med nedsett funksjonsevne står i høgare grad enn andre utanfor arbeidslivet, og som grunnlaget frå departementet påpeiker, er utdanning viktigare for deltaking for denne i seg sjølv mangfaldige grupper. Om lag 15 prosent av studentane i høgare utdanning rapporterer om fysisk eller psykisk funksjonshemming som påverkar evna til å gjennomføre høgare utdanning. Kvar femte student med funksjonsnedsetjing seier dette er svært hindrande i studiekvardagen⁹. I kva

⁸ Meld. St. 16 (2016–2017) (regjeringen.no, s. 63)

⁹ <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/hver-fjerde-student-har-en-funksjonsnedsettelse>

for grad studentar med nedsett funksjonsevne er ein del av profesjonsutdanningar og om dei som fullfører får relevant arbeid, seier statistikken lite om.

Tematikken er kompleks og omfattar innsats frå fleire sektorar, som kommune- og helsesektoren. Det er mykje erfaringsbasert kunnskap om korleis utdanningsinstitusjonane arbeider for å leggja til rette for ei stadig meir mangfaldig studentgruppe, kva for barrierar studentane møter og korleis dei meistarar studiesituasjonen. Men det er avgrensa med konkret kunnskap og forskning kring profesjonsutdanningane på dette området.

Eit doktorgradsarbeid frå 2019 utforska kva som fremmer og hemjar deltaking i profesjonsutdanningar for menneske med nedsett funksjonsevne¹⁰. Studien viser at profesjonsutdanningar kan by på positive moglegheiter for utdanning for menneske med nedsett funksjonsevne, men at det er til dels strukturelle, praktiske, og i nokre tilfelle haldningsmessige hinder for eit godt studietilbod innan profesjonsutdanningane for denne gruppa. Avhandlinga utfordrar institusjonane til å leggje betre til rette for læring for ei mangfaldig studentgruppe.

Direktoratet meiner at det må gjerast eit grundig arbeid for å ta i bruk den kunnskapen som finst, og arbeide vidare i samarbeid med utdanningsinstitusjonane for å identifisere fleire hinder og finne dei gode tiltaka som institusjonane kan ta ansvar for. Bevisstgjerjing om kva som fremmer og hindrar studentane i gjennomføringa av utdanning og praksis, og kva som må til for å få eit betre inkluderande læringsmiljø er noko direktoratet er med og set på dagsorden blant anna gjennom eit kartleggingsarbeid på oppdrag frå departementet i 2023. Arbeidet må også ta omsyn til kva som må til for å auke moglegheitene for at profesjonsutdanning kan være ein god utdanningsveg for fleire i den omtalte målgruppa.

Ei anna problemstilling som er verd å nemne for lærarutdanning er svak rekruttering blant innvandrarar til lærarutdanningane. Dette er ei problemstilling som ikkje berre gjeld for Noreg, men er aktuell for hele OECD-området. Tall for 2022 viser at andelen innvandrarar og etterkommarar etter innvandrarar er i underkant av 4 prosent, som er langt mindre enn andelen dei utgjør i befolkninga generelt.¹¹

10. Korleis fungerer samarbeidet mellom arbeidsliv og utdanning? Kva skal til for å få til godt samarbeid og kva barrierar finst det?

Barrierar kan til dømes kome av manglande koordinering og institusjonell forankring mellom partane i arbeidsliv og utdanning. Det å ha nok ressursar tilgjengeleg for å følge opp og utvikle gode, gjensidige samarbeid er naudsynt. Gode samarbeid krev at alle involverte tek eigarskap og er villige til å investere tilstrekkeleg med tid og ressursar for å nå felles mål. Vi ser gjennom delar av HK-dirs prosjektportefølje at det blir vist til vanskar med å etablere gode nok strukturar for varige, gjensidige og likeverdige samarbeid. Basert på erfaringar frå utlysingar i HK-dir sine tilskotsordningar ser vi likevel at samarbeid ofte kjem i samanheng med gjensidige og forpliktande

¹⁰ Langørgen, Eli (2019): *Funksjonshemming og profesjonsutdanningar i lys av studenter, lærere og praksisveiledernes erfaringer. En kvalitativ studie*. Doktoravhandlingar ved NTNU, 2019:220

¹¹ Sjå tal i vedlegg for Tilstandsrapport for høgere utdanning 2023:

https://vedlegg.hkdir.no/TRHU/2023/tabell/V2.4_og_omtale_i_Forskningsradets_indikatorrapport
<https://www.forskningsradet.no/indikatorrapporten/fokusartikler-og-dypdykk/innvandrere-og-utdanning/>

samarbeidsavtalar mellom utdanningsinstitusjonar og praksisfeltet. Dialog med arbeidslivet i forkant av oppretting av studietilbod kan bidra til å dekke lokale, regionale eller nasjonale kompetansebehov. Eit godt døme på det finst i prosjektporteføljene i tilskotsordninga for *Fleksibel og desentralisert utdanning*. Universitetet i Sørøst-Noreg har fått midlar til å utvikle ei fleksibel og desentralisert sjukepleiarutdanning i distriktskommunar i tidlegare Telemark og Buskerud fylke. Utdanningstilbodet er utvikla i samarbeid og dialog med arbeidslivet. Studentane har hovudcampus på Notodden, samtidig som at campusane i Bø og Rauland også er lett tilgjengelege for studentane. Vi viser elles til artikkelen¹² *Ny, fleksibel sykepleierutdanning kan tas i distriktet* der erfaringar frå prosjektet blir skildra.

12. Dimensjonering

Utkastet skisserer utfordringar med praksis og tilgang på praksisplassar. Ei kartlegging av kapasitetsutfordringar innan sjukepleieutdanningane¹³ viser brei semje om at det er mangel på gode praksisplassar innan sjukepleieutdanningane, og at dette er ein flaskehals med tanke på å auke talet på studieplassar. Omorganisering av helsetenesta, mangel på rettleiingskompetanse og samtidighetskonflikter med andre studiar er hovudutfordringar som utdanningsinstitusjonane er opptekne av. Samtidig gjer lågare søkartal for sjukepleiarutdanningane i 2023 at utfordringane med praksisplassar kan bli noko mindre i delar av landet.

Utkastet kommenterer òg søknaden til sjukepleiarutdanninga, og at det nasjonalt er god søknad til denne utdanninga. Det er viktig å understreke at talet på søkjarar til sjukepleiarutdanninga har gått ned dei siste åra, og dette er ein trend som det vil bli viktig å følgje framover. Også lærarutdanningane har hatt ein betydeleg nedgang i talet på søkjarar dei siste åra, og til opptaket i 2023 slit mange institusjonar med få søkjarar til fleire studieprogram. Særleg problematisk er situasjonen for grunnskulelærarutdanningane, der ein no ser at institusjonar over heile landet slit med få søkjarar.

HK-dir gjennomfører i desse dagar eit forprosjekt om dimensjonering av høgare utdanning på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Forprosjektet skal kartleggje behov for kunnskap UH-sektoren har i dimensjoneringsprosessen, og vidare føreslå datagrunnlag som kan vere utgangspunkt for et kunnskapsgrunnlag som kan støtte UH-sektoren i arbeidet med å dimensjonere studietilbodet etter søkaranes etterspørsel og samfunnets og arbeidslivets behov. Forprosjektet skal levere ein rapport 20. september med forslag til korleis ein kan utarbeide eit slikt kunnskapsgrunnlag.

15. Kva er barrierane for å få til fleksibel og desentralisert utdanning?

HK-dir har sidan 2018 forvalta ulike tilskotsordningar for fleksibel og desentralisert utdanning. Formålet med ordningane har vore å gjere utdanning meir tilgjengeleg nært folk gjennom å styrke tilgangen på arbeidsrelevant fleksibel og desentralisert utdanning over heile landet. Det har til dømes vore viktig at fleire av studietilboda har ei desentralisert organisering med samlingar, noko som blei ytterlegare spissa i utlysinga for 2022. På oppdrag frå HK-dir har NIFU gjennomført ei

¹² [Eide m.fl. \(2022\)](#). Ny, fleksibel sykepleierutdanning kan tas i distriktet. *Sykepleien*.

¹³ [Kartlegging av utvikling i opptak, gjennomføring, kandidatproduksjon og praksisplasser for sykepleieutdanningar \(hkdir.no\)](#)

evaluering av utlysningane som blei gjennomført frå 2018-2021. I eitt av funna som gjeld vegen vidare for tilskotsordningane¹⁴ viser NIFU mellom anna til at det blant informantane var ei viss usemje knytt til kor hensiktsmessig det er å prioritere tilbod som har ei desentralisert organisering med samlingar framfor meir fleksible tilbod. Det å reise til samlingar på ein campus/studiestad om enn berre i kortare periodar, kan bli opplevd som ein barriere for mange studentar.

HK-dir ser at desse barrierane kanskje er særleg sentrale for profesjonsutdanningar, som ofte går over ein periode på fleire år på deltid. I fleire av desse utdanningane er det òg naudsynt å samle studentar for å få gjennomført dei delane av undervisninga som ikkje kan gis nettbasert. Det er derfor viktig å legge til rette for ei hensiktsmessig organisering av undervisninga sånn at det å reise til samlingar ikkje blir sett på som ein barriere for desse studentane.

16. Døme på gode fleksible og desentraliserte utdanningstilbod i profesjonsutdanningar

Eit godt døme på fleksibel og desentralisert helsefagleg profesjonsutdanning er VID vitskapelege høgskole si deltids bachelorutdanning i sjukepleie ved Helgelandskysten. Dei fekk i 2020 midlar frå HK-dir til å utvikle og drifta eit studietilbod som var tilpassa til behovet til målgruppa for fleksibilitet. Mellom anna blir praksis gjennomført i nærliggjande kommunar og sjukehus, som gjer det lettare for fleire å overkomma krava til praksis i utdanninga. Kombinasjon av samlingar, nettbasert undervisning og eigenstudiar fordelt over fleire år gjer at utdanninga er tilgjengeleg for ei brei målgruppe. Til dømes viser Studiebarometeret for 2022¹⁵ at studentane på denne utdanninga jamt over er tilfredse med studiet, og på fleire område meir fornøgd enn gjennomsnittet for sjukepleiarutdanning generelt.

UiT Noregs arktiske universitet sitt fleksible og desentraliserte masterstudium i grunnskulelærarutdanning for 1.-7. trinn er eit godt døme for korleis lærarutdanning kan tilpassast ein desentralisert profil. Med hjelp av finansiering frå HK-dir, godt samarbeid med studiesenter og kommunar i regionen, har dei utvikla ei studieinnretning som møter målgruppa sitt behov for fleksibilitet. Modellen er eit resultat av kontinuerleg utvikling heilt frå UiT byrja med fleksibel og samlingsbasert lærarutdanning i Alta heilt tilbake til 2012 og i Harstad frå 2022. Dei bidreg også med viktig pedagogisk utviklingsarbeid i eit prosjekt finansiering av HK-dir om korleis få til studentaktive læringsformer når studentane møtest så sjeldan, delvis digitalt og har mindre tid saman enn ved campusbaserte heiltidsutdanningar.

Når det gjeld ingeniørutdanningane ser vi eit tydeleg i mønster i at desse miljøa primært søker om tilskot til etablering og drift av etter- og vidareutdanningstilbod, oftast i form av mindre emne, men i svært liten grad tilskot til å etablere desentraliserte og fleksible grunnutdanningstilboda i ingeniørfag. Likevel ser vi at mange av dessa tilboda ofte har ein god dialog med aktørar frå arbeidslivet, som utgjer viktige bidrag til god arbeidslivsrelevans tilpassa lokale behov.

¹⁴ Sjå [NIFU-rapport](#); 2022:28, side 10

¹⁵ Sjå [resultat for VID si sjukepleiarutdanning i Sandnessjøen i Studiebarometeret 2022](#)

18. Korleis kan ein mobilisere vaksne som har familie og økonomiske forplikningar til å ta ei profesjonsutdanning?

Sluttrapport for evaluering av tilskuddsordningar for fleksible utdanningstilbud (NIFU, 2022:28) viser mellom anna til at fleksibilitet i utdanningsløpa var viktig for gjennomføringa. Det er grunn til å tru at å legge til rette for at folk kan studere der dei bur, og uavhengig av livssituasjon, gir nye moglegheiter for å få fleire til å ta utdanning, også innafor profesjonsfaga. Rapporten viser likevel til at det er ei utfordring at fleksibilitet i utdanningsløpa i liten grad dreier seg om oppstartskrav, oppstartstidspunkt eller innleveringstidspunkt. Dette heng truleg saman med at ein del av utdanningane er styrte og har til dels svært faste strukturar.

Det vil etter HK-dirs vurdering vere interessant om ein framover i større grad utforska alle dimensjonane for fleksibilitet i utdanning. Vi trur det vil bidra til at også profesjonsutdanningane får moglegheit til å rekruttere frå et breiare lag av befolkninga. Dette kan vere komplisert å få til for dei rammeplanstyrte utdanningane slik dei ser ut i dag, men dersom det kan bidra til at vaksne med ulike forplikningar i livet gis moglegheit til å anten utvikle sin kompetanse vidare, eller ta heilt ny utdanning, så vil dette kome også profesjonsutdanningane til gode.

Det er likevel viktig å merke seg at rapporten understrekar at slike fleksible tilbod er svært ressurs- og tidkrevjande å drifte, særleg når det gjeld samlingsbaserte tilbod utanfor dei ordinære campusane. Eit økt tilfang av fleksible og desentraliserte profesjonsutdanningar vil derfor føre med seg auka kostnadar som ein må ta omsyn til i planlegginga av tilbodet.

Under spørsmål 16 gis det døme på prosjekt som er særleg interessante med tanke på korleis dei utforskar fleksibilitet i utdanningsløpa.

23. Lærestadane og arbeidslivet er avgjerande for kvaliteten i praksisopplæringa. Kan regjeringa likevel gjere meir for at alle studentar får praksisopplæring av god kvalitet, både når det gjeld førebuingane til praksis og rettleiing og fagleg oppfølging av praksisen?

Når det gjeld helsefaga ser vi at det er utfordringar med tilgang på nok praksisplassar og rettleiarar med formell rettleiarkompetanse. Eit konkret døme er relatert til sjukepleiarutdanning, der ei nypublisert kartlegging frå HK-dir synleggjer nemnde problemstillingar¹⁶. Frå vårt perspektiv synes det å være hensiktsmessig å framleis prioritere tiltak som møter desse behova, og som også er synleggjort gjennom NOU 2023:4 *Tid for handling*¹⁷. Vidare tilrår helsepersonellkommissjonen «(...) at de nye modellene som er utviklet gjennom pilotordningen og som har vist effekt, finansieres for implementering og drift.» (s. 211)¹⁸. HK-dir støttar denne vurderinga, og vi meiner i tillegg at det

¹⁶ [HK-dir \(2023\). Kartlegging av utvikling i opptak, gjennomføring, kandidatproduksjon og praksisplasser for sykepleieutdanningar. Notat nr. 3/2023.](#) Sjå spesielt side 14 til og med 19

¹⁷ [NOU 2023:4 \(2023\). Tid for handling: personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste. Helse- og omsorgsdepartementet](#), side 211

¹⁸ Sjå [Pilotordning for kommunal praksis i helse- og sosialfagutdanningene](#), som blei oppretta på bakgrunn av mellom anna Meld. St. 4 (2018-2019) kor det påpeikast ein auka etterspurnad etter helsepersonell i kommunane, men også ein manglande tilgang på praksisplassar.

bør satsast på å spreie og dele gode modellar til andre fagmiljø og kommunar, slik at kvalitet og kapasitet i praksisopplæringa kan aukast.

I HK-dirs prosjektportefølje har ein prosjekt som har utvikla digitale rettleiingsmodellar og løysingar for å trekke praksis inn i campusundervisninga for å skape autentiske læringssituasjonar. Samstundes melder enkelte av prosjekta tilbake til oss at det er utfordringar knytt til GDPR. Desse utfordringane har vi også fått tilbakemeldingar om frå andre utdanningsmiljø. Sett frå vårt perspektiv er det difor viktig at regjeringa prioriterer å hjelpe institusjonane med å få avklart desse problemstillingane.

24. Korleis kan utdanningane førebu studentane på eit yrkesliv der dei er forventa å samarbeide med andre profesjonar? Og, 25. Kva kan motivere til å ta imot fleire praksisstudentar og byggje ut samarbeidet om utdanning?

Praksis er i seg sjølv ei førebuing til samarbeid på tvers av profesjonar. På campus kan ein sjå for seg at ein i større grad brukar autentiske case kor ein legg opp deler av undervisninga på tvers av fag og profesjonsutdanningar. På generelt grunnlag meiner vi det er viktig at fagmiljøa legg til rette for at studentane si utdanning inkluderer tverrprofesjonell samarbeidslæring.

Når det gjeld lærarutdanningane viser blant anna *Lærerutdanning 2025*¹⁹ at det er behov for tettare samhandling mellom campus og praksisfeltet. Praksisfeltet melder om at studentar har for liten kunnskap og innsikt i sentrale emne som til dømes tilpassa opplæring og skole-heim samarbeid. Praksisfeltet opplever at dei i liten grad er trekt inn i utviklinga av utdanningsprogramma, mens fleire innafor lærarutdanningane hevder at det er vanskeleg og krevjande å få praksisfeltet engasjert. Ved å knyte praksisfeltet meir inn i campusundervisninga vil ein kunne synleggjere den tverrprofesjonelle samhandlinga som krevst.

Avslutning

HK-dir gjennomgår no dei ulike tilskotsordningane med sikte på å få meir kunnskap om korleis dei ulike profesjonsutdanningane brukar slike stimuleringsordningar og kva type problemstillinga dei utforskar når dei søker om eksterne innovasjonsmidlar. Vi trur det vil kunne gje ytterlegare innsikt som kan nyttast mellom anna til arbeidet med den komande profesjonsmeldinga. Med bakgrunn i HK-dirs kunnskapsgrunnlag og kjennskap til profesjonsfeltet bidrar vi gjerne i det vidare arbeidet med denne meldinga, og kan utdjupe de ulike punkta ytterlegare ved behov.

Med vennleg helsing
Ragnhild Tungesvik
divisjonsdirektør

¹⁹ [Lærerutdanning 2025. Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no)

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

Mottaker:

KUNNSKAPSDEPARTEMENTET, KD-ForvUH KD-ForvUH